

## Skildring av tiltaket

I samband med kryssutbetring på Seim langs FV402, er deler av tiltaka som vert utført ein låg mur/fundament kor det skal plasserast eit tett plankegjerde for å hindre innsyn, støv og sprut frå vegen samt redusere støy mot naboeigedomane som ligg mykje lågare i terrenget.

Det vert søkt om å få setje opp fundament, vedlegg 1, for plassering av innsyn/støyskjerm langs eigedomane med gbnr . Tiltaket er i samsvar med grunnnavtalane som vart utarbeida i samband med grunnerverv for reguleringsplan «Seim Skule med utbetring av FV 402», vedlegg 3. Grunnnavtalane vart utarbeida i samarbeid med Statens vegvesen og konsulent.

Fundamentet er 65m langt og 0,25m breidt. Høgda på plankegjerde inkl. fundament vil vere ca. 1,8m.

Reguleringsplanen syner mur langs eigedomane der fundamentet vert bygga. Grunnnavtalane skildrar gjerdet og signatur av grunnnavtalane vert vurdert som erstatning for nabovarsel. Gjerdet blir ein del av totalen for utabeidelse av krysset og er i samsvar med reguleringsplanen.

Lindås kommune er byggherre på vegne av Statens vegvesen.  
Utførande entreprenør er VE Anlegg AS.